



RETNINGSLINER OG VILKÅR FOR TILSKOT FRÅ STATSBUDDSJETTET KAP. 1429 POST 70 - BARK OG BERG

For at tilskotet skal utbetalast må arbeida/tiltaket/aktiviteten vere gjennomført som spesifisert i tilskotsbrevet og retningslinene og vilkåra nedanfor må vere følgde.

Informasjonsplikt

Mottakar av tilskotet skal melde skriftlig frå til Riksantikvaren dersom nokon av føresetnadene for prosjektet - teknisk/faglig, økonomisk eller framdrifta – har endra seg. Likeeins skal det meldast frå dersom det oppstår noko uføresett. Det må søkjast særskild om å få omdisponere tilskotsmidlar til andre delar av prosjektet eller andre tiltak.

Aksept

Mottakar av tilskotet må stadfeste at retningslinene og vilkåra for tilskotet er aksepterte. Det er difor ein føresetnad for utbetaling at skjemaet for aksept av retningslinjer og vilkår for tilskot vert returnert til Riksantikvaren innan fire veker etter at tilsegnsbrevet er motteke, elles fell tilskotet bort. Aksepten gjeld både formuleringar i tilsegnsbrevet og i dette vedlegget.

Utbetaling

Tilskotet kan utbetalast når mottakar ber skriftleg om dette. Brevet skal innehalde dokumentasjon på at arbeida/tiltaket/aktiviteten er sett i gang eller er utført. Eventuell utbetaling på førehand må avtalast særskild for kvart einskild høve.

Riksantikvaren tek atterhald om å kunne halde attende heile eller delar av tilskotet fram til sluttrekneskap og rapport er motteke.

Rapport og regnskap

Snarast råd, og seinast 3 månader, etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Dersom arbeida går over fleire år skal det sendast inn rapport og rekneskap for kvart år innan fristen som er gjeve i tilskotsbrevet.

Rapporten skal innehalde relevant dokumentasjon der det går fram korleis arbeida/tiltaket/aktiviteten er gjennomført og om måla er nådde. Sjå tilskotsbrevet for nærare informasjon om krava til rapportering.

Riksantikvaren kan krevje at prosjekt som tek imot tilskot sender kopi av bilaga til rekneskapen. Kulturminneforvaltinga kan krevje attestasjon frå revisor. Nærare retningslinjer for dette finst i Finansdepartementet si rettleiing:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fin/vedlegg/okstyring/veileder_etablering_og_forvaltning_av_tilskuddsordninger.pdf under pkt. 5.8 *Bruk av revisorattestasjon*



Løyvingsreglementet

Vi syner til § 10 i løyvingsreglementet og gjer merksam på at Riksantikvaren har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert nytta etter føresetnadene. Riksrevisjonen har same høve til å føra kontroll med heimel i lov om Riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Tilbakebetaling

Riksantikvaren tek atterhald om at tilskotet kan bli kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysingar. Dette gjeld også dersom kostnadane syner seg å bli vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.